Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sauherad.

Emne: Julenissen

Bygdelag: Nes, sokn.

Oppskr. av: Torjus Bergan

Gard:

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Julenissen er ikkje gammal her. Skikken er vel helst kommet med innflyttarar og bygdefolk som har vori utan bygda.
Skikken tok nok til på juletrefestane, som har vori vanleg dei siste 40-50 år.
2. Julenissen bringer dei mest ulike gåver – m. a. o. dei gåver som skal delast ut til borna. Sjølv får han ei pakke (godter)
3. Ingen regel for det. Var det tenarar i huset, var dei ofte nisse.
4. Helst nissekledd, men det vert no ettersom ein har det.
5. Båe delar. Kjøper nok ofte maske no.
6. Ja.
7. Nei, men dei skal no helst ha „traktering".
8. Nei.
9. Borna hengjer sokken sin

8637

på sengestolpen julekveldane (særleg julekvelden), og så kjem julenissen og legg gåver i han om natta.

Bruk av julenissar er nok omstridt i bygda. Mange synest ikkje om dette innslaget i ein juletrefest.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8637